

Advokatfirmaet Landsvik & Larsen AS
Kanalveien 11
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10493 - 22/5221

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
24.01.2022

Svar på førespurnad om avklaring kring vurdering av søknad om planendring - Hilland vest felt 4 del II

Viser til e-post motteke 18.1.2022 med spørsmål om avklaring kring nokre av vurderingspunktata som kjem fram frå kommunens brev datert 21.12.2021. Tidlegare korrespondanse ligg arkivert på saka.

Føresegnsdokument

Krav om at overordna føresegnsdokument for Hilland område vert revidert, er i tråd med gjeldande reguleringspraksis i Alver kommune og prosedyre for søknader om planendring etter forenkla prosess. Kommunen held fast på at å revidera overordna føresegnsdokument er naudsynt i denne saka. Dykk må streke over dei føresegns som ikkje lengre vil vera aktuelle å vidareføre grunna endra bruk av område. Både gamle og eventuelle nye føresegns markerast i raudt med fotnote for endringsdato. Viss dykk ikkje ynskjer å vise i føresegnsdokumentet kva føringar frå kommunedelplanen som gjeld for området, må det i staden for gå fram av den forenkla planomtalen.

Utforming av bustadområde – Stedsanalyse - Illustrasjonsplan

Kommunen held fast på at område i aust som er sett av til bustad ikkje imøtekjem kommunedelplanens kvalitetskrav under punkt 2.6.4 a. Som nemnd i førre brev ligg og delar av arealet over eksisterande veg. Stedsanalyse i denne saka omfatta at man ser regulert situasjon opp mot faktisk bygd situasjon i tilgrensande område og terrenghilhøve i området opp mot overordna føringar. Omfang til utarbeiding av illustrasjonsplan i denne saka vert å revidera innsendt situasjonsplan i tråd med stedsanalysen.

Forenkla planskildring

Alle planer skal innehalde ei vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12 jamfør § 7, sia overordna plan ikkje inneheld denne vurderinga må det gå fram av den forenkla planskildringa knytt til denne saka. For vurdering om korleis planer skal ivareta barn og unges interesser vises det plan- og bygningslova § 1-1 og punkt 3.3.28 på side 25 i vedlagt rettleiar frå KMD.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Rettleiar_H-2498_ Barn og unge_2021

Mottakarar:
Advokatfirmaet Landsvik & Larsen AS Kanalveien 11

5068 BERGEN